



CERTIFIED  
CARBON  
NEUTRAL®  
company

[CarbonNeutral.com](https://CarbonNeutral.com)


# Agenda

- Om Eide Fjordbruk
- Arbeid med bærekraft i Eide
- Eksempel 1 – Antall døde i produksjonen
- Eksempel 2 – Utslepp av klimagassar




# Eide Fjordbruk

- Familieeid Vestlandsbedrift styrt av 3. generasjon Eide
- 11 matfiskanlegg og 2 settefiskanlegg, lokalitetar frå Hardanger til Nordfjord
- Årleg produksjon ~17 000 tonn laks
- 60 faste tilsette, 10 i Nordfjord
- Sertifisert karbonnøytral bedrift




# Nordfjord Forsøksstasjon

- Heilegd datterselskap av Eide Fjordbruk
- Driv forsking og forsøk med nye, meir berekraftige fôrråvarer i samarbeid med Veterinærinstituttet og NMBU
- Tre forsøkslokalitetar, på Bremanger, på Isane og ved Hundvika
- Eigen PhD-kandidat i Nordfjord
- Forsøkslaboratorium på Isane i samarbeid med Måløy MMR



Vår Visjon

# *Set standarden for framtidas havbruk*



## Våre verdiar

### Framtidsretta

Me har historia i vårt hjarta og jobbar stolt kvar dag for å utfordra det etablerte

### Lidenskapeleg

Me har det gøy saman og delar kjensler for fisken, fjorden og bygdene

### Uredd



Me har viljestyrke, fokusera på det me kan påverka og gjev oss ikkje

### Påliteleg

Me har tillit til kvarandre og står for det me seier og gjer

### Kvalitetsbevisst

Me har klare mål der me prioritera og veit kor langt det er igjen til eit kvalitetsresultat



## Våre løfter og 4 F-ar



Alle er ein del av  
Eide-familien



Kvalitet og  
fiskevelferd i sentrum



Ansvarleg og  
miljøbevisst produksjon



Me skal investera i  
framtida

# Arbeid med berekraft i Eide



Definisjon av problem,  
felles problemforståelse

Delmål

Delmål

Mål



Våre verdier og løfter (4 F)


# Eksempel 1 - Dødelighet



## Problemforståelse

- Dødelegheita på Vestlandet har auka dei siste 5 åra, den same trenden har me sett i Eide.
- Årsaka er i stor grad knytt til auke i ikkje-medikamentelle behandlingar mot lakslus.
- Auka i ikkje-medikamentelle behandlingar heng igjen saman med lågare lusegrenser og mindre bruk av medikament mot lus.

## Tap i produksjon




Kilde: Fiskeridirektoratet

# Mål



- Me har satt oss mål om å ha **under 5 % dødeligheit frå utsett i sjø.**
- Målet heng tett saman med våre mål for å redusere lusenivåa (< 0,1 kjønnsmodne lus) og ein nullvisjon for rømming.





# Tiltak



- Me arbeidar målretta med kontinuerleg forbedring av gjennomføringa av avlusingsoperasjonar.
- Me investere i teknologi for å hindre lusepåslag, mellom anna snorkelmerdar og lukka anlegg i sjø.
- Me investerer i sensorikk som kontinuerleg logger miljøforholda til fisken, og satser på bruk av stordata og analyse.
- Me har eigen veterinær, og har eit sterkt fokus på biosikkerheit og fiskehelse i heile organisasjonen.
- Me har investert i auka beredskap ved behandling mot lus



# Måling og resultat





# Eksempel 2 - Utslepp av CO<sub>2</sub>



## Problemforståelse

- Temperaturen på jorda stig, og verda er ikkje i rute for å nå måla satt i Parisavtalen om å begrense oppvarminga til maks 2 grader.
- 26 %** av verdas CO<sub>2</sub>-utslepp kjem frå matproduksjon.
- 96 %** av jordas biomasse av pattedyr er no menneske og husdyr, berre 4 % er ville dyr.
- Me trur derfor at me i framtida må produsere mykje av maten vår på ein annan måte, mellom anna ved å ta i bruk havet i større grad.



# Mål

- Me trur at framtidas matproduksjon må vere karbonnøytral og at kundane våre ynskjer å kjøpe og ete sunn og god mat utan karbonavtrykk.
- Me har derfor ein nullvisjon for utslepp av CO<sub>2</sub> frå produksjonen vår. Inntil me når målet skal me være karbonnøytrale gjennom å kompensere for våre eigne utslepp.



# Elektrifisering reduserer bruk av fossile brensel



- Me har mål om landstraum eller hybrid drift på alle våre sjøanlegg.
- Me ønsker å bidra til å utvikle og ta i bruk elektriske fartøy og har i dag to heilelektriske fartøy under bygging, levert av Hukkelberg på Aukra.
- Omlegging til landstraum har hittil spart oss for 638 tonn CO<sub>2</sub>e årleg, eller 2 000 tonn årleg samanlikna med om alle lokalitetane våre hadde vore drifta med dieselaggregat.



# Kjøp av rein energi reduserer utslepp frå straum



- Når me går frå diesel til landstraum aukar vårt forbruk av straum.
- I tillegg til å kutte i eigne utslepp vil me å bidra til det grøne skiftet. Me kjøpar derfor lokalprodusert norsk vasskraft gjennom kjøp av opphavsgarantiar.
- Krafta vår er produsert i Hålandsdalen der Eide starta oppdrett i 1971. Vatnet som renn igjennom kraftstasjonen renn vidare nedover elva til vatnet der klekkeriet og settefiskanlegget KJ Eide ligg.
- I tillegg til å nytte mykje av straumen produsert oppe i dalen nyttar me her òg sjølve vatnet ein gong til, no som bustad for smolten vår.



# Tiltak for å redusere indirekte utslepp



- I produksjon av laks står dei indirekte utsleppa knytt til produksjon av fôr for størstedelen av avtrykket. Derfor er det òg viktig for oss å arbeide målretta for å redusere dei indirekte utsleppa.
- For oss handlar dette om to ting; Å sikre at me får det riktige fôret, og å få mest mogeleg kvalitetslaks ut av kvart kilo med fôr.
- Me nyttar mellom anna ikkje soya frå Brasil i vårt fôr.
- I Nordfjord Forsøksstasjon arbeider me aktivt for å teste ut nye og berekraftige fôrråvarer, mellom anna insektmjøl, taremjøl og fermenterte fôrråvarer.



# Kompenserande tiltak



- Me kompenserer for våre uunngåelege, gjenverande utslepp gjennom å støtte karbonreduserande prosjekt som på ein positiv måte bidrag til å styrke lokalsamfunn og bevare naturen.
- Alle prosjekta er underlagt uavhengig gjennomgang av ekspertar for å sikre at dei møter dei høgaste krava (ICROA approved) og resulterer i verifiserbare og varige utsleppsreduksjonar.
- Me støttar i dag to prosjekt, eit prosjekt for bevaring av skog og omlegging til reine kokemuligheter i Malawi og eit prosjekt for å gjenopprette øydelagte våtmarksområder som kan fungere som naturlege karbonlager i USA.



# Måling og resultat




Tal på kg CO<sub>2</sub>-ekvivalentar kutta årleg

**9 812 000**

Reduksjon i utslepp per kg fisk produsert

**31%**


Klimagassutslepp og -intensitet



# Kva må til for å kutte utsleppa ytterlegare?



- For å gjere ytterlegare, store reduksjonar i indirekte utslepp må me sjå på føret.
- Det trengs meir forsking og satsing på å utvikle, og kommersialisere, nye fôrråvarer.
- Me trur at mange av desse råvarene kan komme frå havet i våre nærområde på Vestlandet.



Takk for meg!

